


Høyr Lars Egil Fredriksen på Volda bedehus



* Forkynnar Lars Egil Fredriksen

I mars 2013 var vi så heldige å få introdusere ein ung forkynnar på bedehuset i Volda. Lars Egil Fredriksen var ukjend for oss då, men vi fekk ei møteveke med god forkynning, og vi gler oss stort over at vi no skal få høyre han igjen. Det vert bibelveke frå fredag til søndag. Søndagssamlingane på ettermiddag er no godt innarbeidde, eit fellestiltak mellom Volda indremisjon og Misjonssambandet. Fredag og laurdag vanlege kveldsmøte.

Eg vil sitere noko av det eg skreiv i førehandsmøte i 2013, noko eg fann om talaren på internett: Der var lagt ut eit vitnemål frå «en glad gutt frå Hobøl», som det står. Rett nok fekk han «kristendommen inn med morsmelka, men kom etter hvert bort fra Gud. – Det ble stadig mer som bandt meg til et annet liv», kan vi lese. På kristen vidaregåande skule fekk han kome tilbake til Gud, og på bibelskolen i Stavanger fekk Guds ord verke slik at han opplevde noko nytt i sitt eige liv som han fekk trong til å vitne om. Vi vonar mange ønskjer høyre meir frå Lars Egil denne helga på Volda bedehus.

Internett-stykket slutta slik: Fotball har vært sentralt i Lars Egils liv, og det er fortsatt en stor interesse.

– Men det er noe annet som har kommet på førsteplanen nå, smiler han fornøyd. – Tida på Fjelltun har skapt en kursending i livet mitt, fortsetter han.

– Etter å ha møtt Jesus, har jeg fått lyst til å bruke hele livet mitt for Gud, avslutter Lars Egil frimodig og glad.

Reidulf Lillebø

Nynorske barnebok-dagar i Aasen-tunet

Fram til og med laurdag 29. oktober er det nynorske barnebokdagar hos Ivar Aasen-tunet. Her kan du få gode tips til bøker for born med ulike interesser og i ulike aldrar. Gode førjulstilbud finn du også.

Forskning viser at høglesing styrkar utviklinga av både talespråk og lese- og skriveferdigheter. Når borna byrjar å lese sjølve, er det viktig at dei finn bøker med innhald som dei likar, anten det er faktabøker eller bøker med emne dei likar, til dømes fotball, dyr og vitsar.

– Utvalet i nynorske barnebøker er både stort og variert. No har vi samla både nye bøker og klassikarar til born i ulike aldrar og med ulike interesser og gir gode råd og tips til dei som ønskjer, seier tunvert Ingrid Opedal.

Torsdag 27. oktober er det seminar for tilsette i skular og bibliotek, men heile veka vil tilsette i Aasen-tunet vere tilgjenge-



* Tunvert Ingrid Opedal viser fram flotte bøker på nynorsk

lege for å gi råd og tips om nynorske bøker for born og unge.

Aasen-tunet

Herøyvenen Sigvart Dagsland til Fosnavåg

Opplev ein av dei finaste vokalistane i landet, nok ein gong på scena i Fosnavåg konserthus, med eit superlag av leikne musikantar i ryggen!

Ei konsertoppleving med Sigvart Dagsland er eit møte med ein artist som beherskar publikumsrommet til fulle. Gjennom sin totale tilstedeværelse og uovertrufne stemme tar han mennesker med seg; frå det sårbare menneskelege til kraftfulle stemningar og vokalprestasjonar. Alltid med eit skrått og tidvis gapskrattande blick på tilværelsen sine mange fasettar. Alltid med ein djup respekt for dei band som bind artist og publikum, forteljar og lyttar saman. I bagasjen til Fosnavåg Konserthus 29. oktober har han låtar frå sitt nye album som kom 30.09., samt høg-



* Sigvart Dagsland.

depunkt frå heile sin karriere.

Med seg på scena har han sitt eminente band: Kristian Kvalvåg, gitarar, Jango Nilsen, trommer & kor. Torjus Vierli, keyboard & kor. Tor Egil Kreken, bass, gitar & kor. Mari Sandvær Kreken, sang, gitar & perkusjon. Sigvart, sang & flygel.

Bjørn Solum

HalloVenn feiring

31. oktober feirast HalloVenn. Feiringa av denne dagen er ein tradisjon som har kome til Norge frå utlandet. Barn skal kle seg ut i skumle drakter og gå rundt å tigge godteri ved å seie «knask eller knep».

Vi veit at mange foreldre ikkje vil at barna skal gå Halloween, men gruppepresset er stort. Og så er det sjølvstygte gøy for barna å gå rundt å samle inn gratis godteri. HalloVenn vert arrangert i Volda for åttande år på rad, og vi i Frikyrkja gler oss! I fjor var det rundt 140 barn på denne festen!

Gode vener

Temaet på HalloVenn er «Gode vener», og mottoet er: «Alt de vil at andre skal gjere mot dykk,

skal de og gjere mot dei.» Dette er gode moralske haldningar som vi alle kan lære mykje av. Vi ønsker at på HalloVenn skal barna trivast og vere gode mot kvarandre. HalloVenn er eit svar på eit behov som er skapt, utan negative biverknader og undertonar.

Kjempeparty

Her får du kle deg ut, utan skremsel. Her får du godteri utan tiggings. Og her får du vere med på mange aktivitetar utan at det er knep som går ut over andre. Arrangementet vil foregå i Volda Frikyrkje og det vil innehalde eit kjempeparty med mange artige aktivitetar, godteri, mat og drikke, andakt og song frå barnekoret NonStop.

Hyttelege kostymer i fokus

Alle barn 5 år (fødd 2011) til 7. klasse er hjarteleg velkomne! Vi

Fjongt og svensk på Fru Svendsen

Onsdag 26. oktober får du møte Torill Hasfjord Bjørneset og Trine Liaklev på kveldskafe på Fru Svendsen, der dei vil fortelje sine historier knytt til det å jobbe med eit agentur for kle, og å drive nisjebutikk innan kle og tilbehør.

Trine er salsrepresentant for klesmerket K&US, eit svensk klesmerke som har spesialisert seg på feminine, velsyddde kle i naturmateriale. Nokre av desse plagga kan ein få sjå vist fram under ei eksklusiv motevising denne kvelden. Torill driv den etterkvart så velrenomerte butikken Kle&Kaff i Volda. Karakterisert som ein skikkeleg «snope-

butikk» for damer som er på jakt etter det som er litt annleis og som ein ikkje finn så mang andre stadar. Ho har mellom anna med seg smykke frå Kazuri. Kenyanske handlaga smykke med ei heilt spesiell historie.

Som vanleg vert det trekking på inngangsbilletten, denne gongen i form av gavekort frå dei to som presenterer seg denne kvelden.

Som seg hør og bør, vert det òg søte og freistande kaker i kafeen, nykøkt kaffi og triveleg selskap. Alle er hjarteleg velkomne!

Arr.

Inviterer til ope kurs om IT-tryggleik

I samband med Nasjonal sikkerheitsmånad i oktober inviterer Høgskulen i Volda til ope kurs om IT-tryggleik. Med på laget har dei fått sikkerheitseksperter i Encrypto AS, Juan J. Güelfo.

Nasjonal sikkerheitsmånad er ei årleg kampanje i oktober, som vert arrangert av Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS) for å skape bevisstheit om informasjonstryggleik, skriv Høgskulen.

Haldningsskapande arbeid viktig

– Opplæring og haldningsskapande arbeid er ein viktig del av informasjonssikkerhetsarbeidet, fortel sikkerheitseksperter og dagleg leiar i Encrypto, Juan J. Güelfo i ei pressemelding. Torsdag 27. oktober inviterer difor Høgskulen i Volda til eit lærerrikt kurs om IT-tryggleik. Arrangementet vert halde på campus i Volda, og både unge og gamle er velkomne til å ta del.

– I løpet av kurset vil deltakarane få opplæring i korleis ein beskyttar seg mot truslar på internett, samt få tips til sikker bruk av mobile einingar og trådlause



* Sikkerheitseksperter i Encrypto AS, Juan J. Güelfo. (Pressefoto) nettverk, opplyser sikkerheitseksperter.

Håper mange møter

Han legg til at innhaldet på kurset vil bli tilpassa brukarnivå, og at han kjem til å vise fleire praktiske døme og demonstrasjonar. Juan J. Güelfo er ein internasjonal foredragshaldar. Han har fleire gongar vore omtala i nasjonale medium, der han har delt sin kunnskap og perspektiv på tema innan informasjonssikkerhet.

– Vi håper at folk set pris på initiativet, og at mange nyttar sjansen til å møte opp, avsluttar sikkerheitseksperter, Juan J. Güelfo.



anbefalar at dei yngste borna har med seg ein vaksen, og gjer oppmerksom på at foreldra har ansvaret for borna under arrangementet. Då gler vi oss til å sjå mange artige, kule, søte, sprøe og koselege kostymer. Denne dagen må uhyggelege kostymer ligge igjen

heime. Inngangspengar: 50 kr.

Då gjenstår det berre å ønske velkommen til ein positiv og morosam HalloVenn – fest!

Sjå annonse som stod i Møre laurdag.

Erik-Marius Riise

E-post til Møre

Redaksjonen:

red@mre.no

Annonser:

annonse@

mre.no